

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: M

Emne: Bordstikk til kvardags

Bygdelag:

Oppskr. av: Jakobsh. Samuelsen

Gard:

(adresse): Syre

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Det meste er etter Birgit Samuelsen f. Døkkestad ^{10/4} 1874

SVAR

1. Frå gamal tid og for det meste emne, vert arsten laga til i same romet som dei et i.

I dei vanlege hallingstugene var det i den tid folk no minnes berre langbord. I dei herne hadde dei skivje ikring 1880 åra.

Detta kan tyda at det tidlegare var skivje heime på gardane slik som i Numedal og Tvedal.

2. Dei sat helst ved same bord og det er emne de vanlege.

3. Der det var tenestgut, eller andre arbeidskarar, åt desse fyrst ilag med husbonden og voksne søner, om det var slike, og etterpå åt kvindfolk og ungar.

Rakte det at det var berre kvindfolk og ungar heime, åt dei kveldsmaten ved den breie peiskrakken. Dette var helst om vinteren.

4. Dei åt til jammaen same arsten alle; men rakte ikkje alt til so skulle arbeidsfolk og husbonden ha likaste stellet, om dei laut skivje på andanna uvandare til sidste bordsetningen.

2. 5. Det har nok til no vori det vanlegaste at alle åt på kjøkenet til dagleg.

6. I gamal tid var det vel berre i presgarde og kanskje hjå nokre få andre storfolk at dei hadde eige kjøken, og der åt helst berre tenarane på kjøkenet. På gardane råkte det at framandfolk åt alene uti klavane.

7. Jamma hadde alle faste plassar ved bordet. På dei gardane dessa minne er ifrå sat husbonden ved øvste bordenden i „benken over bordet“. Tenestegutten eller ein annan framand arbeidskar sat då i høgreketet. Der sat ellers framandfolk som råkte til å verader.

I den andre bordretningen der kvindfolk og ungar var med, sat dei meir som det hørde til. Var det ingen framande og dei åt ilag alle, hadde husbonden sin vanlege plass medan enkel av dei hine sat i høgreketet.

Legdefolk fekk somme tider maten til seg der dei sat burti ein benk, eller og åt dei ved bordet eller dei hine var ferdige.

8. Slikt er ikkje kjend herover.

9. Høgreketet var i dei gamle hallingstuguden namn på den faste benken ved øvre enden av langbordet, enten husbonden nytta han eller ikkje.

10. Noko sers med husbondsplassen i nyare hus, har je ikkje høyrd. Ein tur var det rektigast og by gjøve framande å sitja i sofaen, om slik fars. I nye hus er det vel plassane ved endane av bordet som er heldne for dei gjevaste.

11. Det var nok helst som det h'vode med handvarken, og ungene vart ikkje st'ott plage med slikt, utan dei virkeleg var so svarte at dei fram det. Men fra gamalt vart det helde for hoveleg at karfolka tok av seg hovudplagget med dei at

12. F'ring 1880 var det enno valeg at fleire at av same grautefalet og same mjolkekopp, en. Dei tok ein grautebete i skeia og duppa ho so i mjolkekoppen. Etter kvart vart det til at kvar hadde sin mjolkekopp.

Enkelte tok da nokre fulle skeier med graut og la upp i mjolkekoppen sin og at so av den. Seinare vart det etter kvart slutt med a ha sams matfat. Det sams grautefalet og den sams mjolkeskala var av tre, men da dei tok til med sers mjolkekopp, ar var dessa helst av steitt.

(Heime i Vodol vart det alt for so ar sia helde for uhoveleg, at somme hadde den gjerda a gresse grautebeten med kjeften for dei duppa skeia i den sams mjolkeskala.)

Dei hadde nok helst kvar sin kaffekopp og var stunda noye med a ikkje nytte koppane til ein annan.



13. Dei gamaldagse langbeinte grytene h'vode ikkje til a sta eit bord og slottes ikkje pa dei gamle panneringane, som ellers var mindre valege i all den tida. Pa panneringen eller ei staltradrists sette dei stunda fram pa bordet ei panne med stekt mat i.

Fra panna tok so kvar til seg av maten og la han pa eit flattbrodstykke som seinare kvar skulle sta upp, nar han var ferdig med det andre.

4. Somme nytta borddiskar av tre og seinare ta-
berkar i staden for brodbiten.

Kjøtt og fisk vart sett på bordet i trefat-
eller staufat. Suppa vart likeins set fram
i fat som alle åt av i eldre tid, og som sein-
re var budd med suppestiv eller ause som kvar
auste til seg på talerkane med. Andre auser
no på talerkane beint frå kokkara og set fram
til kvar einiskild.

Å skrive om ein gamal prænning so folk
skynar hosren han var laga er ikkje so ende-
fram her lyt nok merkning til. Ringen var sett
ihop av små fint tilspikka trebitar, helst av
rettkloyvd turrifur. Dessa såg slik ut:



Dessa småbitane vart so smetta i kvarandre
til det vart ein hoveleg vid ring, og so vart slue
på fyrste biten klemt varsamst gjennom auge
på den siste. Slue på fyrste biten laut defyr vera
ein dragsmun tunnare enn på dei andre bitane,
men var ringen godt laga kunne ikkje kven som
helst finne korkje byrging eller ende på'n.

Om tilfeldige framande sjå under 6. Det var ikkje
vanleg å beda dei sitja til bords med husens folk.
Stundo fekk dei trektering slæne ved bordet i stugu.

14. Dei vakne laga stundo slike betar at dei
minstes som so heldt beten i neven med dei
åt. Vakne brukte mindre å laga seg betar.

Når dei et fisk legg somme smør og fisk på ein
brodbit og legg ein annan ovapå og et det slik.

15. Den tida dei brukte brunt sukker såg ein

stunda at dei beit av dei store sukkerbetane, og la dei på sukkerfatet att og tok so ein kaffeslurk til biten dei hadde fått laus.

Omtrentsomme folk vernde dei store sukkerklumpane likegrann so dei rauk sund i høvelege smabetar eller og vart sukkeret klyft høveleg smalt med sukkersaksar. Då det vart kvite sukkerbetar (kvitsukker) vart bitane dypna i kaffeen fyr dei vart gutta i munnen etter at folk hadde glant bledt på dei eit lite beite.

Samme la sukkerbitane i skåla som dei drakk av. 16. Gamle folk drakk helst kaffeen av skåla, yngre tok meir til med å drikke av koppen.

Det var ikkje so strengt med det. Det vart helden for god skikk av den som stjenkte kaffe å slå koppen so full at han rann over og det vart ordga med kaffe i skåla med. Når dei drakk kaffeen heldt dei fleste skåla i høgre handa med peikefingertuppen eller tommelfingeren over skålkanten og dei andre fingra til studning frå undside. Begge måtar var nok meir jamstille i N. I Uvdal skulle støtt peikefingeren halddas på overkanten, medan han far, som var frå Vestagder, støtt hadde tommelfingeren der.

Høvelege gamle hjerringar som sat og drakk kaffe og prata heldt ofte kaffesåla på dei fire frumste fingertuppene på ~~høgre~~ ^{venstre} handa, og heldt sukkerbiten i høgre fingertoppa.

Mellom dei gamle heldt vel desse skikkane seg mest upp til våre dagar.

17. Dei som var likesom litt oppi det nytta gaffel i slutten av 1870 åra; men so seint som i 1915 vart gaffelen mest ikkje brukt mange stader. Somme gjorde narr av den nymotens

6. firetinda greipa (gaffelen) og meinte på at den femtinda var likare. ~

6 Ei lita forteljing frå tida ikring 1885 kan fortelja litt om stoda den tida: „Han far mytta jamt gaffel går han at men ikkje hi mor og me andre. Då me so fekk ny levestegut bruktan. til ein av smågardane sa han far: „Se får leggje fram ein gaffel til guten, han vil kauskje ha ein.“ „Ja“, svara guten, til, det altis so at når ein har vart seg til å bruke'n vil ein helst ha'n“. Då trudde me andre at han ville gjera seg finare enn han var, då me knapt trudde nokon brukte gaffel i den heimen han var frå.“

18. Når dei at spetjiktjot brukte dei alle tollekkniv, og for dei som ikkje hadde slikt kniv sjølve, vart det lagt fram ein. Til annan mat brukte dei jamnast, jungi (bordkniv).

19. Kvar hadde si skeid som ellers hev vert nemnd spoon. (Ein spoon, bundi f. spoon, fl. spoon bundi f. spoonidn.) Gamle folk vaska ikkje spoonidn til dagleg ikring 1890. Når dei var slekt reine vart dei stunda sett i ei veggerrive, ovari der der. eigaren sat ved bordet og det vart ikkje tola at framande ^{eller andre} enda skeiene.

Frå annan kant har je høyd at fetten som for frå gard til gard på arbeid t. d. på krosking hadde si eige skei med seg.

Spoonidn som helst var av tre var for dei vart tekne i bruk fyrst koka i bristelæg og seinare i myse når dei kokte prim.

Dei var då harde som hodn dersom dei då var av høveleg treslag: bjørk eller asp. Furu og gran vart ikke bruket til spooni.

7.

Olja og utrosa treskeier frå Birni var i handel,
men vart helst nytta til stas. Likeeins
skeier med utskore trelekkje. Hornskeier
var kjend, men helst lite nytta. Femore
tok dei til med ymse slag skeier av jarn.
Massing og sylvskeier vart ikkje nytta til
kvandags.

20. Det var alt nokre bordiskar dria av
tre til bordimot 1890, men dei hadde
ymse slag skinnfat vore i bruk lenge.
Det elste vi har frå Sol har årstallet
1757 eit omma 1828 men det var no
staskappar.

Nokre faa tallerkar fann og.

21. Borddik vart ikkje bruka. I 70 åra
og utover vart bordet alltid kvitstria.

22. Uttaener i 80-90 åra tok dei til å
male bordet med ei litt matt rød
farge. Bordet vart då varka etter
kvart maal.

I dei seinare år har alt i Halling-
dal vorte meir liggt brjaskitt som
ikkje er brjå verd å nemne om her.

23. Alle dei raksne forsynte seg sjøl
ved bordet. Det var helst hirsveren
som tok til seg fyrst. Til ingen
dulle hirsverer til ~~skulle~~, kvar
skulde ha sin „lüt“ og den minste
„ünjia“ skulde ha den beste maten
ell' det mjøreste og beste stjøkke.

24. Til tungen deilte husmora
altid ut smørret. Brød (det var flatbrød)
tok kvar det dei vilde av.

25. Dei største tungen fekk alltid
meir mat enn dei mindre.

Halvaksne gutar og menn kringte
sjølsagt mest mat. Det vart aldrig
snakka om ^{at} kvinfolka kringte mindre,
so det kan eg ikkje seia noko om.

26. Hos tid tungen kan gjeve
seg sjøl ved bordet kjem mest
an for å fremmelege dei vne.

Ein bror min heime i Sol sat
leboards med dei vaksne karane
han var 14 aar, han var der all
med for arbeid til dei vaksne.
Dei smaa tungen fekk hjelp ved
bordet av mor si ell store systjine.

27. Samme brukte i gamal tid
å bygge maten til smaa tungen,
men ikkje alle. No er det sjølsagt
slutt med det.

28. Far les alltid for maten - stille -
og me to smaajentun maatte
lesse ei bordbøn høgt, ein fyre og
ein etter maten. Det var vanleg
dena bønne: "I Jesu navn gaar vi til
bord, og spise og drikke for dit ord, dig
Gud til ore, os til gavn, saa for vi mat
i Jesu navn. Amen."

Om skikken med å lesa for maten er iiddåyd kan ein ikkje få noko sers greie på. No kjem det mest an på den kristlege instillinga i huses. I gammel tid - lat å seia for ca. 70-80 år sea - var det fast, god husskikk. Det var i den tida ingen forskjell om det var frammande folk ved bordet.

29. Det var nok lovleg å snakke ved bordet både for voksne og barn. Lik eins er det no og. Det var ikkje nokon fast skikk at netop husefaren skulde føre ardet.

30. Det vart rekna for mindre høveleg og flire og la ved bordet.

31. Det var ingen rom song ved bordet, noko sers ordtak om det har me ikkje i tal (I Ulvøal si dei: „mannen viske ikkje åast kjerringe var galin for ho song me ho ast.“)

32. Det var almindelig god bordskikk at ingen skulde gaa frå bordet før alle hadde ete.

33. Det var ikkje i bruk i Ast aa
seie takk for maten til kvardags.

34. Om ein fremmed kom inn i møbel
hüsljden sett o aa se han ingenting
seie, berre helse ut i vore, men
han stod ved døra til hüsens folk
aa: "Du fer sette deg fram paa krakken?
Detta var skikken i 70 aara aa
frametter - vonleg er det samme
skikken no, men i enda eldre
tid stod den frammande ute
til hüsens folk fets øyge paa m.
og hüsaren aa daa: "Det ser ^{ikkje} det se
han ser gaa inni". So jek ein aa
hüsens folk ut og den frammande aa
arinde sitt og jekk att, hvis det ikkje
var vandare besjeen, ellers ba dei
m inn hvis det var noko seie han
skulde snakke med hüsaren om.
(I Nodal jek den frammande alltid inn
ute o bli heim i Tessingdalen i
Telemark slo dei inni hüslappe med
ein stokk aa hüsens folk trøjede
det aa jekk ut.)

35. I fremmen som kom
møbel dei aa vart aldrig bedde
om aa selja seg kebards med hüsljden

36. Kom ein frammann regards
miljøm mealkian vark kon stelt
serajilt mis kon skulde ha traktering

37. Det var ikkje alltid ein fremmer
skulde ha traktement, men vark
kon rekna for ein „gjest“ skulde kon
ha det.

38. Dei hadde ikkje altid kaffe til
den som kom inn, heller ikkje
stod kaffekjelen på heile dagen.
Slik er det vist ikkje no heller.

39. Ein fremmer aat ikkje saman
med huslyden på Kjøkenet. (Kjøken
hadde dei no heller ikkje i gammel tid, stugo
var kjøken somstundes) Den fremmede
var sett i Klovan (kommer innfor
stugo, Kavin, og me i Urdal).

Når fremmeren var sett bebards
og dei var bedd om aa forsyne seg,
jekk husmora ut or Klovan aa les
at døra. „Ein ska ikkje staa og glane
paa folk når dei er“ var meinjingi.
Og det lei om lite kom husmora
- ell' den som upvarte - innatt
og slo i meir kaffe, so jekk ho ut att.

40. Det var alltid skikken at
den frammande skulde la
seg stå aa forsyne seg.
Mor brukte og staa beint
frammanfor gjesten aa seia:

" Vil du gjere so vel aa fua de lita mat?
 Gjesten skulde daa seia att han (ell ho)
 ikkje var laangreist aatt dei nyfeg
 hadde ete, sjal om dei var aldri so
 laangreiste og svalne.

41. Hvis ein har gjesten sitte alleine
 o eta, var det som for meind ikkje
 brukt at nokon av husens folk held
 dei med selskap, men i den seinare
 tid er det meir vanleg att den same
 uprarta sitt ell' alene i same romme
 og held gjesten med godt prat. (Er det
 berre kaffe og smaa kaker gjesten
 skal ha, sit no nesten alltid menn
 i huset og held koren med selskap)

Nar dei hadde ete tokka dei for
 maten. Ei gammel kjerring - Kari
 Lien gjorde det so vel at ho sa:
 " Ta Gud veligne de, no ha e ete
 so e kjemne maten med veslefinger.

Slutt

5098

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING